

Austrheim Kommune v/teknisk drift
Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/416 - 22/4994

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
10.06.2022

Løyve til bygging av naust på gbnr. 165/54 - Baløy

Administrativt vedtak. Saknr: 068/22

Vi syner til søknad motteke den 26. april 2022.

Vedtak

Det vert godkjent oppføring av eitt naust i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-4, 29-2 og 29-4, samt naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.

Saksutgreiing:

Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av eitt naust som Turlaget skal leiga av Austrheim kommune med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca. 70 m². Det skal byggjast på gbnr. 165/54. Tiltakshavar er Austrheim kommune ved teknisk drift. Byggesøknad er i tråd med vedtak/leigeavtale gjort av kommunestyret i Austrheim kommune som omhandlar leige av kommunalt naust til Bergen og Hordaland Turlag (Turlaget) på Baløy. Totalarealet på tomta som Austrheim kommune eig her er på om lag 6 dekar. Byggjeteikningane er levert av Bergen og Hordaland Turlag.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg føre merknader i samband med nabovarslinga. Desse er svart/kommentert ut av søker på ein tilfredstillande måte. Nabomerknadane



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

er vedlagt i søknad og innhaldet i desse i forhold til byggjesaka/søknaden vert vurdert av sakshandsamar. Svar frå søker til naboar som har merknadar er vist under:

Hei

Austrheim kommune er i ein prosess med budsjettarbeid no, revidering skal skje i mai 2022. Det vil då verta drøfta midlar til bygging av naust på Baløy, men også til asfaltering og oppmerking av P-plassar i dette området. Det er kommunestyret som vedtek det endelige budsjettet. Det er ein uttalt politisk vilje og vedtak er på plass for å satsa på kysthytta i Rongevær, men også å opparbeida området på sjølve Baløy sånn at det mellom anna kjem på plass fleire parkeringsplassar.

Det er sjølve byggesøknaden til naustet som Bergen og Hordaland Turlag (BHT) skal leige frå Austrheim kommune som er tema i denne byggesøknaden. Austrheim kommune ser at det ikkje har kome noko merknad på det omsøkte naustbygget frå dykk. Det er difor naturleg å handsama byggesøknaden på dette naustet no, me har fått klare føringar at dette skal på plass formelt, då BHT treng naustet for oppbevaring av robåtar/kajakkar/utstyr til vinteren 2022/2023. Avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø skal vurdera søknaden og gjera det formelle vedtaket, avdeling teknisk drift står for den formelle søknaden.

Naustet som båtlaget skal disponera vert søkt i eiga sak når alt er på plass formelt i forhold til avtale med båtlaget. Dialog vil fortsetja der det er naudsynt/viktig for å få alle gode tiltak på plass i dette området.

Med vennleg helsing

Stian Marøy
Prosjektleiar

Austrheim kommune sin vurdering på nabomerknadar:

Sakshandsamar ser at søker har svart ut naboar som har merknad på ein fagleg god måte. Det er ikkje kome merknad på sjølve bygget eller plasseringa av dette. Det er det som er tema i denne byggjesaka.

Men sakshandsamar er kjent med følgjande:

Privatrettslege avtalar mellom båtlaget og Austrheim kommune vert det arbeidd med no. Ordførar Per Lerøy er inne i desse prosessane og har gjennomført fleire møte det siste året saman med grunneigarar og båtlaget, men og tilsette i administrasjonen i kommunen. Austrheim kommune har som intensjon om det privatrettslege kjem på plass så skal kommunen etablira fleire parkeringsplassar i området framover. Parkeringsplassane i småbåthamna skal og merkast opp og området her skal oppgraderast. Det som er viktig no er at avtalen mellom Austrheim kommune og BHT vert følgd opp i tråd med tinglyst leigeavtale og kommunestyrevedtaket i 2021.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for området er definert som naustområde. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med Detaljregulering Baløy småbåthamn, planid. 2010002 og kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent den 11.04.2019.


Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.


Kommunen finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland.

Situasjonsplan og terrengprofilar


Tiltaket er teikna inn med tilstrekkeleg målsetting (avstand til andre bygg er 13 meter, nærmaste nabogrense er 13 meter og avstand senter veg er 61 meter. Situasjonsplanen viser terregendringar som følgje av det nye tiltaket. Tilkomst til det nye tiltaket er og vist. Bygget kjem ikkje i konflikt med omgivnadane. Det er levert planteikningar før og etter, snitteikningar, fasadeteikningar og situasjonskart. Det er søkt om topp grunnmur på kote + 1,5 moh og mønehøgde på kote + 6,5 moh.



Omsøkt naust er vist med lysebrun farge



Fasade naust mot aust og vest



Naustfasade mot nord. Mønehøgde på naustet er 5 meter.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Austrheim kommune synes Turlaget har levert gode byggjeteikningar, bygget vert fint.

Konklusjon:

Det vert godkjent oppføring av naust som omsøkt i regulert område.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon kan sendast inn saman med oppmading om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal søker skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10 og nødvendig slutt dokumentasjon og erklæring om ferdigstillelse skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Det skal brukast enkeltfalsa kledning.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at

klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Kopi til:

Alf Kvant

Emma Sofie Hjelmtveit	BALØYVEGEN 300	5943	AUSTRHEIM
Oddny Margrethe Hauge Kleppe	Romslovegen 261	5263	TRENGEREID
Per Lerøy	Lerøyvegen 156	5943	AUSTRHEIM
Steinar Hansen			
Stian Marøy			
Wenche Hauge Eilifsen	FOLLDALSHEIA 46C	5239	RÅDAL

Mottakere:

Austrheim Kommune v/teknisk drift Sætremarka 2 5943

AUSTRHEIM